



VIKESPRINTEN 2016

- med "felles-jaktstart"



Vikebygd IL byr med dette inn til det tradisjonsrike orienteringsløpet Vikesprinten 1. mai som i år vert arrangert for 22. gong. Også i år er det kretsløp og tel med som eit løp i Rogalandsrankinga.

I år vil løpet for sjette gong arrangerast som "felles-jaktstart" basert på den vanlege handicap-modellen i Vikesprinten. Det vil seia at kl. 13 startar alle løparane som har 30 minuttar fråtrekk, seks minuttar seinare startar alle som har 24 minuttar fråtrekk, osv. Kl. 13:30 startar alle som ikkje har fråtrekk, dvs. D19- og H19- løparane.

Første jente/dame og gut/herre i mål er vinnar av Vikesprinten 2016.

For at det skal bli sprenging i feltet, er det lagt inn gafling i både dame- og herreløypa etter "sommarfugl"-metoden. I tillegg er det vanlege løyper for dei yngste.

Stad: Fotballbanen i Vikebygd sentrum.
Parkering ved samlingsplass.

Start: Søndag 1. mai. Første fellesstart kl. 13.
Ca. 3 min. å gå frå samlingsplass til start.

Kart: Vikebygd sentrum, målestokk 1:6000, ekv. 5 m, synfart etter sprintnormen.

Terreng: Relativt flatt terreng med mange gjerder og beiter men også ein del tettare brakjeparti og myrar og ein del stiar og vegar for dei yngste.

Klassar/løyper: Frå og med 13 år, er det er ei løype for damer og ei for herrar. Løpet vil gå føre seg etter ein handicapmodell, slik at ein vil kunna konkurrera på tilnærma like vilkår. Modellen fungerer slik at ein nyttar D/H19-som utgangspunkt. Tidsmarginen som er gjeve opp under, syner skilnaden mellom dei ulike klassane. *NB: D/H13-14 spring altså også løype med A-nivå denne dagen!*

Erfaringa viser at her kan både dei som er yngre og dei som er eldre vinna!

	<u>Fråtrekk:</u>		<u>Fråtrekk:</u>
D19-	: 0 min	H19-	: 0 min
D17-18, D40	: 3 min	H17-18, H40	: 3 min
D15-16, D45	: 7 min	H15-16, H45	: 7 min
D50	: 9 min	H50	: 9 min
D55	:12 min	H55	:12 min
D13-14, D60	:15 min	H13-14, H60	:15 min
D65	:19 min	H65	:19 min
D70	:24 min	H70	:24 min
D75	:30 min	H75	:30 min
	<u>Starttid:</u>		<u>Starttid:</u>
D75	: 13:00	H75	: 13:00
D70	: 13:06	H70	: 13:06
D65	: 13:11	H65	: 13:11
D13-14, D60	: 13:15	H13-14, H60	: 13:15
D55	: 13:18	H55	: 13:18
D50	: 13:21	H50	: 13:21
D15-16, D45	: 13:23	H15-16, H45	: 13:23
D17-18, D40	: 13:27	H17-18, H40	: 13:27
D19-	: 13:30	H19-	: 13:30

Løyper: Herrar, handicaptabell: 4,7 km, vanskegrad A
 Damer, A-open, handicaptabell: 3,4 km, vanskegrad A
 D/H15-16B, D/H17-20B, B-open: 2,5 km, vanskegrad B
 D/H-10, D/H11-12, C-open: 2,1 km, vanskegrad C
 D/H11-12N, D/H13-16N, D/H17N, N-open: 1,9 km, vanskegrad N
 Småtroll

Startkont.: Kr. 70,- til og med 16 år / kr. 130,- frå 17 år.
 Etterpåmelding inntil ein time før start; kr 35,-(D/H13-16) / 65,- i tillegg.
 Småtroll kr 20,-. Leige av brikke: kr. 30,-. Endring klasse/brikke: kr 30,-

Premiering: Vandrepremie til dei to vinnarane og individuell premie til dei tre beste i H- og D-. Elles premiering i samsvar med kretsen sine reglar.

På samlingsplassen blir det sal av brus, kaker og kaffi.

Nappvinnarar:	1995: Ellen Tindeland	Jarle Heddeland
	1996: Anne-Brith Skogen Seim	Jon Magne Svendsbøe
	1997: Anne-Brith Skogen Seim	Jon Magne Svendsbøe
	1998: Kirsten Hausken	Kenneth Westerheim
	1999: <u>Anne-Brith Skogen Seim</u>	Einar Vikingstad
	2000: Olaug F. Johansen	Jonny Huse
	2001: Olaug F. Johansen	Leif Grutle
	2002: Edel Slettemark	Jan Frode Seim
	2003: Anne Sætre	Andreas Gavle
	2004: Anne-Brith Skogen Seim	Stein Jarle Helgeland
	2005: Ann-Marie Westerheim	Arne Stakkestad
	2006: Berit Kristine Lima	<u>Jon Magne Svendsbøe</u>
	2007: Berit Kristine Lima	Arne Stakkestad
	2008: Stine Bjørkevoll	Per Øyvind Valen
	2009: Turid Nystrøm	Oddmund Roaldkvam
	2010: Ingrid Peikli	Bjørn Alsaker
	2011: Anne Garsrud	Arne Kristian Espedal
	2012: Aud Hognestad Taksdal	Per Øyvind Valen
	2013: Anne Garsrud	<u>Per Øyvind Valen</u>
	2014: Janne Tjørhom Aasheim	Arne Kristian Espedal
	2015: Janne Tjørhom Aasheim	Arne Kristian Espedal

Påmelding: Ordinær påmelding innan torsdag 28. april kl 18 på [Eventor](#).
 Etterpåmelding innan lørdag 30. april kl. 18 i Eventor eller til Jon
 Magne Svendsbøe på mvsendsb@online.no eller tlf. 48 18 84 30.
 Unntaksvis etterpåmelding i sekretariatet løpsdagen seinast ein time før
 start, dvs. kl. 12:00.
 Det vert nytta EKT. Hugs å føra opp brikkenummer i påmeldinga.

Løypeleggjar: Jon Magne Svendsbøe
Løpsleiar: Jon Magne Svendsbøe
Kontroll: Vikebygd IL

VELKOMMEN TIL SPANANDE "FELLES-JAKTSTART"!

